



MEDLEMSSKRIV NOVEMBER 2021.

Avløysartilskot 2021:

Webtemp er no oppdatert med det som den enkelte kan forvente å få i avløysartilskot for 2021 (vert utbetalt februar 2022).

For slaktekylling og slaktegris er IKKJE tilskotsbeløpet korrekt, då det vert oppdatert etter kvart som kyllingar / gris vert slakta.

For dei som no har tilgang til å logge seg inn i kundeportalen, kan ein under «Tilskudd» «2021» finne følgande:

Tilskudd: Ramme 2021: Kr xx.xxx,- / Benyttet Kr xx xxx,- / **Rest: Kr xx xxx,-** / Utbetalt: Kr xx xxx,-

Ramme: Forventa tilskot for 2021 (utbetaling 2022)

Benyttet: Brukt hittil i år

Rest: Det som er igjen å bruke dette året

Utbetalt: Det som vart utbetalt i februar 2021

Legg merke til at reknningar frå næringsdrivande som skal brukast som avløysarutgifter IKKJE er med i denne oversikten og vil heller ikkje bli det (må alltid reknast manuelt).

Dei som ikkje har tilgang til kundeportalen kan ta kontakt med meg på kontoret.

Utlønning i desember:

Erfaringsmessig er det alltid stor pågang i desember når det gjeld utbetaling av lønn. Det er flott. For å sikre at lønn skal kome med ved første utbetaling i desember, er innleveringsfrist 06.12.

Det vil og verte ei ekstra lønnskjøring i romjula (oppsamlingsheat). Siste frist for innlevering av timelister til dette vil vere måndag 27. desember.

Lønn som vert innlevert seinare enn dette vil kome til utbetaling i 2022 og kan ikkje brukast som avløysarutgifter i 2021.

Avløysar må vere fylt 15 år før ein kan føre opp utgiftene til avløysing.

God adventstid!

Helsing

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA

Nesjane 3

4389 Vikeså

Åpningstider:

tisdag, onsdag og fredag - Bjerkreim
mandag og torsdag - Gjesdal

Org.nr. 871 343 012 MVA

Kontonr. 3207.30.36371

Mob. 94 08 75 01